



Vedtekter for tildeling av kulturpris for Seljord

- ✓ Seljord kommune og Seljord Sparebank delar saman ut kulturpris for Seljord. Prisen består av ein sjekk på kr. 20.000,- og ein bronseskulptur laga av Ellen Grøstad Barstad.
- ✓ Kulturprisen skal gå til ein person eller fleire personar, ein institusjon, eit lag eller ein organisasjon som har gjort ein innsats utover det vanlege for kulturlivet i Seljord kommune.
- ✓ Kulturprisen skal lysast ut i februar kvart år med 1. april som frist for innsending av skriftlege framlegg til kandidatar.
- ✓ Ei kulturprisnemnd sett saman av tre personar oppnemnt av Formannskapet og tre personar oppnemnt av styret i banken skal avgjere kven som skal få kulturprisen. Det må vere minst 2/3 fleirtal i nemnda for at ein kandidat skal kunne bli tildelt kulturprisen. Dersom ingen kandidat får eit slikt fleirtal, skal prisen ikkje delast ut.
- ✓ Kulturprisen skal delast ut i samband med 17. mai-arrangementet i den delen av kommunen der prismottakaren bur eller ved eit anna arrangement som kulturprisnemnda meiner høver betre.
- ✓ Formannskapet i Seljord og styret i Seljord Sparebank må godkjenne eventuelle endringar i vedtekter for tildeling av kulturpris for Seljord.
- ✓ Seljord kommune held sekretariat for kulturprisnemnda.